



Sonia Bataller i perfekt innramming.

Mange har møtt henne som imøtekomande og smilande servitør på Oska. Nokre har kanskje møtt henne på fjelltur eller joggande langs vegen. Atter andre har sett ho syklande opp og ned dalen mest dagleg. Ho nyttar dei 3 månadene ho skal vera i Uskedalen godt, spanske Sonia Bataller frå Alicante.

-I love Norway, I love this amazing nature. It's a fairy tale, seier Sonia begeistra når ho skal beskriva korleis det er å vera i Uskedalen. Ho seier at ho er svært takksam overfor Roy Lervåg som gjev henne mulighet til å oppleve dette. Ho set nemleg stor pris på at ho har fått kontrakt som servitør på Oska denne sommaren. Ho stortrivst i denne jobben der ho møter mange hyggelege menneske.

Den spanske dama har lett for å koma i kontakt med nye menneske. Dette har ho lært seg etter å ha budd i mange ulike land. Ho ramsar opp Frankrike(1 år), England(3,5 år), Skottland(3 mnd), Belgia (1 år), Colombia (6 år) og i India og Nepal(6 mnd). Både i Belgia og Frankrike har ho studert, i dei andre landa har ho i hovudsak hatt ulike jobbar. Ja, i India lærte ho første korleis ho skulle undervisa i yoga, og så brukte ho tida til å læra frå seg til andre.



Klar til å ta mot gjester på skaldyrkveld.

Jenta har studert språk, i hovudsak engelsk og fransk, og i tillegg har ho studert pedagogikk for å vera kvalifisert til undervisning. I spånsktalande Colombiia underviste ho i desse språka i tillegg til morsmålet sitt. I Colombia snakkar dei spånsk på ein litt spesiell måte.

- Derfor snakka eg spånsk med litt colombiansk sleng då eg var heime i Spania att etter åra i Colombia, kunne den sympatiske dama frå Alicante fortelja.

Stadig vekk under samtalen kjem ho tilbake til den vakre naturen her. Derfor brukar ho så mykje tid ho kan, til å koma seg ut i naturen, og ho er allereie godt kjend i Kvinnheradsfjella. Ho har vore på Malmangernuten og Hauglandsfjellet, langt oppi Ulvanåso og Englafjell har ho også vore. Ho har også vore på nokre mindre toppar som ho ikkje hugsar namna på.

- Mandag var eg til Trolltunga. For ei oppleving! fortel ho medan ho fortel om planar om å gå til Mannsvatnet før jobb neste dag sidan ho skal byrja på jobb kl.14.

Møte med nordmenn uttalar ho seg svært positivt om. Ei ekstra positiv oppleving kunne ho også fortelja om. Sidan ho bur på hybel på Haugland, trong ho sykkel for å koma seg til og frå jobb. Ho reiste til Husnes for å kjøpa brukt sykkel. Det var ikkje å få kjøpt! Det var berre nye sykklar. Det syntest Sonia var for dyrt for berre 3 månader. Det forstod Rune Haugland i butikken godt. Dermed tilboud han henne å låna ein sykkel han hadde heime. Flott gjort, men underteikna var ikkje så veldig overraska. Eg har nemleg høyrte fleire eksempel på hjelpsomhet og god service frå den karen!

- Eg har lyst å sjå alt, men eg har ikkje nok tid, seier Sonia, eg treng nok ein ny jobb etter kontrakten er gått ut så eg kan vera i dette landet litt lenger. Kanskje i Bergen?, seier Sonia Bataller frå Alicante svært takknemleg for at Roy Lervåg gav henne mulighet til å verta kjent med eit nytt fantastisk land.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland



Sonia får aldri nok av den vakre Kvinnheradsnaturen.